

Notat

Frå: Fylkesdirektøren

Til: Hovudutval for næring og kultur

Fylkeskulturprisen 2015 – innkomne kandidatar

Nr.	Kandidat	Sjanger	Informasjon/grunngeving for framlegget
1	Oddfrid og Rune Osa, Florø	Idrett	Har sidan 1990 vore sentrale i Florø Turn og Idrettsforeining. Rune har i tillegg til å vere utøvar og trenar hatt ansvar for store friidrettsarrangement. Har også vore drivkraft i å ruste opp Flora Stadion. Oddfrid har vore trenar i tillegg til administrative oppgåver som ansvarleg for funksjonærar under stemner, festivalar og meisterskap.
2	Ove Farsund, Førde	Idrett	Mangeårig innsats for idrettsrørsla og Førde idrettslag spesielt. Tidlegare sleggekastar som framleis har kinsrekorden i Sogn og Fjordane friidrettskrets. Øvste leiar for Førde idrettslag i perioden 1997 til 2015. Engasjert i prosjektgruppa bak Hafstad idrettspark. I tillegg mellom anna frivillig styreleiar for Sunnfjord Skisenter.
3	Harald Hauge, Bremanger	Musikk	Pådrivar for musikklivet i Bremanger. Hovudperson bak Bremanger musikklag og det dei har fått til.
4	Helge Øren, Årdal	Kulturarbeid for barn, unge og menneske med spesielle behov	Pådrivar for korps og musikkmiljøet i Øvre Årdal. Har mange år bak seg som korpsdirigent. Stiller opp som frivillig hjelpar på kulturskulen sine arrangement og øvingar for skulekorpset, og tar ansvar for musikkinnslag på 1. og 17. mai arrangement. Ein av initiativtakarane bak ASVO-bandet, og er med som assistent under øvingar.
5	Sigyn Øren, Årdal	Kulturarbeid for barn og unge	Kulturskulerektor i Årdal som har lagt ned ein stor innsats for kulturtilbodet for barn og unge i kommunen, både som rektor og på fritida. Dirigerer mellom anna skulekorps.
6	Bjarne Bjørkevoll, Fresvik	Kulturarbeid for barn og unge og lokalhistorie	Initiativtakar for Fresvik skulekorps og dirigent i 24 år. Lagt ned stort frivillig arbeid for Landslaget for nærmiljøskular. Mangeårig leiar i Fresvik sogelang. God formidlar av lokalhistorie, etablert facebookgruppe med gamle bilete. Revidert ættesoge som kjem ut til jul 2015. Stått i spissen for å få til kulturløypa Vetlerunden i Fresvik.
7	Arne M. Sølberg og Asbjørg Hustveig Sølberg, Stryn	Folkemusikk og folkedans	Drivkrefter for å ta vare på, bruke og lære frå seg folkemusikk og folkedans, særleg til barn og unge. Arne M. Sølberg har vore svært aktiv med speling, komposisjonar, konsertar, undervisning, skrivning, som kurshaldar og dommar i konkurransar. Han har vore musikalsk leiar i Spelemannslaget Fjelljom sidan 1979.

			Asbjørg H. Sølvberg har vore aktiv i folkemusikk- og folkedansmiljøet heile livet. Dei har saman drive barneleikarring/dansegruppe i Fjelli ungdomslag sidan hausten 1979. Dei har også hatt danseundervisning i lag og på skular i andre kommunar i Nordfjord. I 2004 vann dei dans klasse A på Landskappleiken. Dei har også vore engasjert i anna lagsarbeid som idrettslag, ungdomslag.
8	Anne Britt Lotsberg, Nordfjordeid	Vev	Har vore vevar og samla gamle vevemønster i distriktet sidan konfirmasjonsalder. Ho har vove opp att mange gamle tekstilar som stod i fare for å gå i gløymeboka. Bidreg til av veving som handverk ikkje skal døy ut.
9	Harald Thune, Årdal	Restaureringsarbeid	Eldsjel bak restaureringsarbeidet i Indre Ofredal i Årdal, lokalt kalla Ne´Fø Sjøen. Lagt ned mange dugnadstimar saman med dugnadsgjengen og ansvarleg for å skaffe midlar til arbeidet. Indre Ofredal var frå midten av 1800-talet til andre verdskrig eit viktig senter for handel og næringsverksemd i heile indre Sogn. Anlegget består av mellom anna saghus og mølle, og er det einaste av sin type som står att i fylket. Det har difor stor kulturminneverdi.
10	Kristin Sønnerheim, Aurland	Kulturminne, turvegar	Lagt ned stor innsats for å gjere Aurlandsdalen tilgjengeleg for ålmenta, rydda vegar og stiar, pådrivar for restaureringsarbeid knytt til gamle gardar og støylishus. Samarbeidde med ektemannen Kåre Sønnerheim til han døydde. Halde fram engasjementet aleine etter det. Utan Sønnerheim og mannen sin arbeidsinnsats hadde det ikkje vore mogleg å gå dalen i følgje fotograf Bjørn Bergum som har laga film om Aurlandsdalen. Også drivkraft i sanitetslag og annan lagsaktivitet.
11	Egon Askvik, Leikanger	Bokutgjeving	Har gitt ut boka «Kyrkjefolk». Gjennom eit år intervjuar og fotografert hundre personar mellom 0 til 100 år i Leikanger. Samtaler om livet, kyrkja og gudstrua. Boka er ein kulturskatt for seinare generasjonar og kjøpt inn av prost Kjetil Netland til bruk for prestane.
12	Bjørg Hovland, Luster	Rekonstruksjon bunader	Sentral i arbeidet med å ta vare på bunadstradisjon og anna kulturarv i Sogn. Ho har drive registreringsarbeid i indre- og midtre Sogn og rekonstruert fleire draktplagg. Har skrive artiklar i både fagblad og bøker. Har halde mange kurs i bunadssaum og om hovudplagg. I 2014 gav ho ut boka «Folkedrakter og bunader frå Sogn» på Skald forlag.
13	Torstein Tvinnerheim og Jon Are Steen, Stryn	Musikkspel	Står bak «Årringar», eit utandørs musikkspel der Tvinnereim er ansvarleg for tekst og Steen for musikk. Vart første gong framført i 2014 ved Sagedammen i Ulvedal.
14	Kari og Dagfinn Hegg Lund, Lærdal	Bygdetun	Har sidan 1994 restaurert og bygd opp Borlo bygdetun og kulturminner. Stiar, kongeveg og bygningar fylt med landsbrukshistorie, veghistorie og lokalhistorie. Har også samla informasjon i form av fotografi og tekst. Bygdetunet tilbyr i dag omvising, arrangement, kinoframsying, konsertar og enkel servering og er eit av bedriftene knytt til prosjektet Kongevegen over Filefjell.
15	Kari-Ann Fjellestad, Gloppen	Mattradisjon	Ein av dei første produsentane av lokalmat i fylket og etablerer av Fjellestad gardskjøken. Har vist evne til nyskaping og kreativitet, og gjort det mulig for folk å kjøpe fleire unike tradisjonsrettar som gombe, fiske-, kaffi-, og snekalefse. Ved årsskiftet 2014/2015 tok sonen over bedrifta.
16	Hilde Bjørkum, Førde	Festivaldirektør	Folkemusikkutøvar, felespeler og vinnar av kongepokal i dans. Hilde Bjørkum har med si musikkglede og skaparglede vore ein pådrivar i folkemusikkmiljøet i

			fylket og nasjonalt, på kappleikar og Landskappleikar. Mykje nytta som instruktør og dommar. Ein av initiativtakarane til Førde Internasjonale Folkemusikkfestival og har som direktør bygd opp festivalen til å bli ein av dei sterkaste kulturmerkevarene fylket har, og ein nasjonal kulturinstitusjon. I snart 30 år har ho gjennom tallause prosjekt løfta fram den lokale tradisjonsmusikken og skapt rom for lokale folkemusikarar til å utvikle seg til profesjonelle utøvarar. Hilde Bjørkum nyt stor respekt i norsk kulturliv.
17	Finn Loftesnes, Sogndal og Oddleiv Apneseth, Gaular	Fotografar	To fotografar som på kvar sin måte gjennom fotografi har dokumentert og sett Sogn og Fjordane på kartet nasjonalt. Både Finn Loftesnes som naturfotograf og Oddleiv Apneseth som presse- og kunstfotograf har vist at fotografi på ulike måtar er viktige for kulturen både her i fylket og nasjonalt.
18	Magnar og Oddny Kleiva, Naustdal	Gardbrukarar og kulturbærarar	Sysken frå garden Hamrastad på Kleiva i Naustdal. Tok tidlega ansvar for gardsbruket og har drive det saman fram til i dag. Har teke vare på og halde ved like tradisjonar knytt til husdyrbruk og matproduksjon i heimbygda si. Kjende frå dokumentarfilmen «Søsken til evig tid» som viser dei daglege gjeremåla på garden og samspelet mellom syskena. Filmen vart kåra til beste dokumentarfilm under dokumentarfilmfestivalen BIG SKY i USA i 2015.
19	Rune Rasmus Holsen Nygård, Florø	Bunad og tradisjonshandverk	18 år gamal har han sydd sin eigen Sunnfjordbunad. Interessert i husflid og gamle handverkstradisjonar som veving, hekling, sying, strikking, spinning og karing. Har skapt blest kring bunad som tema, og mange ungdommar har fått interesse og ønskjer å lære seg handverket. Har starta eiga bedrift med tradisjonshandverk som satsingsområde.
20	Finn Tokvam, Flåm/Bergen	Nynorsk- og Sogn og Fjordane ambassadør	Kjend som komikar, forfattar og musikar. Ein av dei tydelegaste stemmene frå fylket i riksdekkande media. Legg ikkje skjul på kvar han kjem frå, verken språkleg eller åndeleg.
21	Jan Ketil Smørdal, Nordfjordeid	Sirkus	Sirkusartist med eige sirkus. Entusiasme og spelelede. Han debuterte tidleg som artist og opptredde ved fleire norske og utanlandske sirkus. Starta som ung sitt eige sirkus. Var ein av initiativtakarane til sirkuslinja ved Fjordane folkehøgskule i 1996. Har dei siste åra spreidd sirkusglede til elevar i grunnskulen gjennom turnear i Den kulturelle skulesekken. Har sett heimkommunen og fylket på kartet i mange år.
22	«Temaparken» Bulandet	Museum	Samling av bilete, gjenstandar og historie frå gamal tid, spesielt krigshistorie. Alt samla inn og bygd opp av folket på Bulandet.
23	ASVO-bandet, Årdal	Tilrettelagt tiltak	Muskarar med særskilde behov. Dei fleste har sitt daglege virke ved Indre Sogn ASVO med tilrettelagt arbeid. Bandet øver saman med tilsette frå kulturskulen i Årdal. Har mellom anna spelt på Målrock, Vekao i Sogndal og markeringa av 250 års jubileet til Sogn og Fjordane fylke i 2013.
24	Kjell Magne Hillestad, Sogndal	Registrering av kulturminne	Har gjennom ein tiårs periode lagt ned ein imponerende innsats knytt til systematisk registrering av kulturminne. Kjell Magne Hillestad funne imponerende 250 tufter fordel på ca. 40 anlegg i støls- og fjelldalane i Sogndal kommune. Det var svært lite kjent før han starta arbeidet. Hillestad er svært nøye på metodikk og dokumentasjon og har hatt tett samarbeid med Kulturavdelinga i fylkeskommunen for formell registrering av tuftene og anlegga. Han er ein

			god og viktig lokal kulturformidlar og har guida turar for å gjere anlegga kjente.
--	--	--	------------------------------------------------------------------------------------